



VEG OG VIRKE

BEDRIFTSBLAD FOR
STATENS VEGVESEN MØRE OG ROMSDAL

Nr. 1

Mars 1993

21. årg.

VEGDIREKTORATEI
30 MARS 1993
BIBLIOTEKET



INNHALD

VEG OG VIRKE Nr. 1 - Mars 1993 - 21. Årg.


Bruskadene kva gjer vi? 3

PROFILAR



No er det slutt 8-9

Hyggelig avslutning 22




Møt Oddvin Haukeberg 12-13



Til topps med Hvaldemar 23

VEGNYTT



Vinter som i gamle dager 4


Først ute med gammalt dekke 14
Publikum er fornøgd 5
Ny gang og sykkelveg på Skåla 5

BILTILSYNET

Har kilometertelleren stoppet 15
Enklare med oblater 17
Store utfordringer venter 10

MILJØ OG SIKKERHET

Nei til bilbelte i buss 5
Bruk personleg verneutstyr 17



Aursundprosjektet 18-19

Salt på vegane 16

PLAN

Vegplanlegging etter PBL 6-7
Kva er Vegdatbanken? 11
Rettsak etter pelevelt 22
Pensjonsrettigheter 9
Kryssord 20-21
Fylket rundt 24

Redaktør: Wiggo Kanck
Redaksjonssekretær: Palma Pladsen

Redaksjonsutvalg:
Ottar Brudeseth, drift
Sverre Digernes, driftsavdelinga
Terje Haug, administrasjonsavdelinga
Berit Ingebrigtsen, planavdelinga.

Utgitt av:
Statens vegvesen Møre og Romsdal,
Fylkeshuset, 6400 Molde.
Telefon: 072 58 000,
Telefax 072 58 328

Opplag: 2200

Etter ønske frå vegsjef E. Vollset vert side 3 stilt til disposisjon for ansatte i Statens vegvesen Møre og Romsdal.

Om ikkje anna er gjeve opp, er teksta laga av redaktøren. Ettertrykk vert anbefalt, men angi kjelde. Personlege meningsyttringar gjer nødvendigvis ikkje greie for etatens offisielle haldningar.

Framsida: Vinterbilde.
Foto: Per Tormod Nilsen

Deadline for neste nr. er 13. april 1993.

Sats og trykk:
Offsettrykk A/S, Molde.
Tlf. 072 55 885

BRUSKADENE KVA GJER VI?

Denne overskrifta var nytta i ein artikkel brudirektør Øderud hadde i nr. 1 1993 av "Våre Veger".

Ut frå registrerte forhold i vårt fylke er det god grunn til eit slikt oppslag.

Dei siste 25 åra har det i Møre og Romsdal vore satsa sterkt på bru-bygging, spesielt i ytre delar av fylket. Ei rad mindre øyar er ved bru-bygging knytta til større øyar som igjen i mange tilfelle har fått brusamband med fastlandet. Reduksjonen i talet på ferjekaier fortel mykje om den utviklinga vi har hatt. Av dei 125 ferjekaiane vi hadde på det meste i midten av 60-åra, er det no berre i underkant av 70 som er i drift.

Så godt som alle bruene frå denne perioden er bygd av armert betong både i over- og underbygning. I kyststrøk med sjøsprøyt og saltholdig fuktig luft har det vore rekna som den beste løysinga med minst mogleg vedlikehald.

Vi veit av tidlegare røynsle at stålbriene har kravd stor vedlikehalds-innsats. Eksempelvis kan vi nemne at ved dei gamle Nordsund- og Ormsundbruene i Kristiansund var det eit vedlikehaldslag som arbeidde omtrent kvar einaste sommarsesong med sandblåsing og påføring av mønje og aluminiumsmåling.

Men spesielt dei siste åra har vist at heller ikkje betong er eit vedlikehaldsfritt materiale.

Vi har gjennom fleire år drive med reparasjon av skader. Men det er først gjennom dei utvida og systematiske undersøkingane i 1992 at vi verkeleg tek til å få oversikt over brutilstanden. Undersøkingane skal halde fram for fullt i 1993 og 1994

slik at vi får full oversikt over skadeforfanget. Dette vil så skape grunnlag for å fastslå reparasjonsmetodar og kostnader med rehabilitering.

Skadene som er konstatert til denne tid er stort sett armeringskorrosjon, eller på meir folkeleg språk opprusting av armeringa, som følgje av saltinntrenging.

Problemet er ikkje berre avgrensa til vårt fylke og det foregår omfattande forskning på landsplan for å få oversikt over situasjonen og kva som eigentleg er den fulle årsak til skadene.

Det er Veglaboratoriet og Bruavdelinga i Vegdirektoratet som i hovudsak har det faglege ansvar for å kome fram til godt resultat. I tillegg er fleire vegkontor med i arbeidet. Såleis tek også vårt vegkontor aktivt del for å kome fram til dei beste reparasjonsmetodane og i forsøka med forebyggjande tiltak.

Sjølv om vi til denne tid ikkje på nokon måte har full oversikt og utbetningskostnader kan vi alt no, etter mi meining, konstatere at reparasjonar av skadde bruer nok er den største utfordringa vi no står overfor på vegsektoren i fylket. Dette er sterke ord når vi kjenner alle andre oppgåver vi har, ikkje minst i opprusting, til i alle fall ein slags minstestandard, av den dårlegaste delen av vegnettet. Likevel meiner eg at bruvedlikehaldet må få førsteprioritet. Skadene aukar fort i omfang og utsetjing medfører sterk fordyring.

Med utgangspunkt i det vi alt veit om nødvendige reparasjonar på dei bruene som alt er undersøkte, og med nokolunde kvalifisert gjetting av skader og reparasjonsbehov på den re-




Foto: Romsdals Budstikke

sterande del av brumassen, snakkar vi kanskje om kostnader på omkring 80 mill. kroner for riksvegbruene og 50 mill. kroner for fylkesvegbruene.

For å få i gang dei store utbetnings- og reparasjonsarbeida hastar det å få opp farta før skadene vert endå større. Vi burde difor dei første åra framover årleg kunne bruke om lag 15 mill. kroner til riksvegbruene og 10 mill. kroner til fylkesvegbruene.

Med dei knappe vedlikehaldsbudsjetta vi har, med faktisk reduksjon på om lag 15 % dei siste 6-7 åra, veit vi det blir vanskeleg, for ikkje å seie heilt uråd, utan monaleg auke i vedlikehaldsløysingane.

Om så ikkje skjer ser eg ikkje bort frå å måtte vege på forslag om å få nytte av dei frå før tronge anleggsbudsjetta til rehabilitering av bruer. Det vil ikkje bli noko populært forslag. Men eg ser ivaretaking av nedlagt kapital i eksisterande vegar og bruer som meir maktpåliggjande enn noko anna i vegsektoren i fylket.

E. Vollset

Vinter... som i "gamle" dager



Jørgen Åsgård tok seg tid til en strekk på feltsenga. (Foto: Romsdals Budstikke)




Etter at de viktigste vegene var kjøpreklare, var det tilførselsveger og parkeringsplassene sin tur.

Det kraftige snøfallet i slutten av januar førte til store problemer for trafikken i fylket. Det var spesielt Romsdal og deler av Sunnmøre som opplevde at værgudene slo om og på få dager la ned opp til en meter snø. I perioder var noen av de viktigste riks- og fylkesvegene i fylket stengt.

I noen dager var det vinter som i "gamle" dager. Snøen lavet ned og brøyteberedskapen var på topp, de vanskelige forholdene til tross. Brøytemannskapene jobbet godt og maktet å holde god standard på riks- og fylkesvegnettet.

Da det snødde som verst og rasfaren var størst, var nærmere 20 riks- og fylkesveger stengt samtidig. Riksveg 1 over Ørskogfjellet, riksveg 9 ved Våge i Måndalen, riksveg 9 Oppland grense-Åndalsnes, fylkesveg 42 Osdal-Sogn og Fjordane grense og Eikesdalsvegen var noen av de viktigste hovedfartsårene som var stengt for all trafikk i kortere eller lengre perioder. Både brøytemannskapene og vaktmannskapet på Vegtrafikksentralen i Årødalen hadde mer enn nok å gjøre.

- Jo vi fikk en skikkelig trøkk. Det var en jevn strøm av henvendelser de dagene det sto på, sier Nils Olav, Kringstad, leder av Vegtrafikksentralen.



- Jeg skulle tro, uten å ta for hardt i, at antall telefonhenvendelser i de dagene det sto på, ligger et sted mellom 500 og 800. Vi har kun en linje inn på publikumsnummeret. Hadde vi hatt flere linjer, kunne vi ha fordelt henvendelsene mellom oss. Det tok kanskje enkelte ganger litt tid før budskapet om stengte veger nådde fram, men etter hvert som trafikantene ble oppmerksom på situasjonen har jeg inntrykk av at trafikken gikk greit.

- Det var noen hektiske døgn, ingen tvil om det, legger Kringstad til.

Ved vegstasjonen på Mjelvbøen på Åndalsnes var beredskapen stor med til sammen 20 mann på vakt. Karl Arne Ekroll og Jørgen Åsgård var to av brøytebilsjåførene i T-6 som hadde vakt da snøværet satte inn.

- Det ble en hard tørn. I perioder var sikten vanskelig, samtidig som vegen enkelte steder var glatt. Men så lenge en er kjent på vegen og er vant med forholdene, går det bra. Det som overrasket meg mest denne gangen, var de mange sjåførene som trosset vegsperringen og tok turen oppover Romsdalen med de farer det medførte, sier Karl Arne Ekroll.

- I perioder ble det lite søvn, men noen timer på feltsenga

på stasjonen hjalp godt. Det var bare å stå på til vegen var ryddet og trafikken igjen kunne passere, sier Jørgen Åsgård. For mange bilførere ble ventetida lang, mens brøytemannskapene jobbet som verst. En skulle tro at langtransportssjåførene, som måtte vente i mange timer på begge sider av Ørskogfjellet før E9 var ryddet etter snøraset på Sprov, ville bli utålmodige og legge i vei. Ventetida ble tatt med godt humør. Ingen presset på å ville over fjellet så lenge vegen ikke var ryddet og rasfaren var stor.

Måndalstunnelen fikk også vist sin nytte. Etter at vegen ble stengt ved Våge, ble tunnelen i en kortere periode åpnet for trafikk.



Brøyteberedskapen var på topp, de vanskelige forholdene til tross. Brøytemannskapene jobbet godt og maktet å holde god standard på vegnettet i fylket.



Anleggsleder Per Arne Gjerde og oppsynsmann Magne Nauste forteller at arbeidet går som planlagt.

Skålahalvøya:

Sammenhengende gangvegssystem

1. desember 1992 startet arbeidet på det som skal bli gang- og sykkelveg mellom Skålasentret og Vågsetra, der mellom anna Skålahallen og skolen ligger.

Dette betyr at det blir et sammenhengende gangvegssystem mellom Nesje-stranda og Vågsetra utenom riksvegen.

Prosjektet er kostnadsregnet til om lag 4 mill. kroner og planlagt åpning er september 1993, selv om vi har et lite håp om at veggen kan være ferdig til skolestart.

Det er Molde kommune som har stått for grunnvervet, og det er oppnådd minnelige avtaler over hele parsellen.

Arbeidet har til nå bestått i skogrydding samt en del gravearbeid, som avdekking av fjell og bortgraving av vegetasjonsmasser og myrjord. To til tre mann har vært i arbeid her til nå.

Parsellen har et masseunderskudd på ca. 12 000 m³, og levering av denne massen er i disse dager ute på anbud.

Per Arne Gjerde

Publikum fornøgd med vegvedlikeholdet

For tredje år på rad gjennomførte Statens vegvesen Møre og Romsdal i haust ei undersøking av publikum sitt syn på vedlikeholdet og kjøretilhøva på vegane om sommaren og hausten.

I år var det vegstasjonane på Gurskøy, Stranda, Molde og Sunndalsøra som var med i undersøkinga. Det ble delt ut 1975 skjema, og det kom totalt inn 873 godkjente svar. Dette gir ein svarprosent på 44 og er noko lågare enn tidlegare år. Forklaringa kan vere eit stort antal spørsmål, og at mange av mottakarane har vore med i tidlegare undersøkingar og av den grunn ikkje ville vere med denne gongen.

Så til resultat. Det er gledeleg at Møre og Romsdal i år fekk ein karakter på 2,15 for vedlikehaldsnivå på riksvegar. Dette er ei klar betring i høve til resultatata for 1990 og 1991 som var 2,28 og 2,24. Landsgjennomsnittet var på 2,21.

For dei andre vegane var ikkje resultatet så godt, men karakteren på 3,05 er likevel ei lita betring i høve til tidlegare.



Det er to hovudgrunnar til den store forskjellen i karakter mellom riks- og fylkesvegnettet.

1. - den store forskjellen i vegstandard mellom riks- og fylkesveg.
2. - den store forskjellen i løyvingar til vegvedlikehald. Løyvingane til vedlikehald av fylkesveg er under halvparten av løyvinga til vedlikehald av riksveg - 85,9 mill. kr mot 195,2 mill. kr. Veglengda er tilnærma lik for dei to vegkategoriane, 1795 km riksveg og 1810 km fylkesveg.

Oddmund Gussiås

EF STOGGAR BILBELTE I BUSS


Vegdirektoratet kjem no med ei sterk oppmoding til alle buss-selskapa om å montere trepunkts bilbelte i turbussar.

Bakgrunnen for denne oppmodinga er eit EF-direktiv som stoggar eit særnorske krav på dette området. Kravet har vore ute på høyring og fått ein overveldande tilslutnad her i landet.

Vi trur sjølvsagt framleis at bruk av bilbelte i turbussar er eit godt trafikksikringstiltak. Eg meiner den røynsla vi kan vise til, klårt tyder på det, seier kontorsjef Finn Larstuen ved Køyretøyteknisk kontor i Vegdirektoratet.

Vegdirektoratet gjev difor heller ikkje opp kampen for å få gjennomslag i EF for dette kravet. Vi kjem til å bruke alle moglege kanalar, både nasjonalt og internasjonalt, til å argumentere for at det skal monterast bilbelte i buss, legg Finn Larstuen til.

Vegplanlegging etter Plan- og Bygningsloven (PBL)



Eksempel: Reguleringsplan for riksveg 1 Håhjem-Valle.

Reguleringsplanen for riksveg 1 Håhjem-Valle ble vedtatt av Skodje kommune 15. desember 1992. Utbedring av denne vegparsellen er med i forslaget til investeringsprogram for vegplanperioden 1994-97. De vesentligste endringene en realisering av planen vil medføre, blir utretting/omlegging av vegen og bygging av venstresvingfelt i Vallekrysset og bygging av "bussterminal" ved dette krysset. Ellers viser planen stort sett utbedring av eksisterende veg.

Før planen ble godkjent har den vært gjennom en lang saksgang etter plan- og bygningsloven (PBL). Heretter vil alle våre vegplaner måtte behandles etter denne loven og ikke etter vegloven som tidligere. Det kan derfor være interessant å se på denne planen som et eksempel på hva dette kan føre til for saksbehandlingstida.

Planleggingsprosessen


Grunnlagsarbeidet (stikning, oppmålingsarbeid etc.) for Håhjem-Valleplanen ble utført i 1989 og Vegvesenets første planforslag var klart for utsending 12. februar 1991. Ved bruk av vegloven ville vi da sendt planen direkte ut til offentlig ettersyn og til ulike høringsorgan. Ved behandling etter PBL sendes planen først til bygningsrådet for at dette skal vurdere forslaget og gjøre vedtak om at planen blir utlagt til høring. Skodje kommune gjorde slik vedtak den 10. april 1991 og det ble offentlig ettersyn i mai 1991, dvs. ca. 3 måneder senere enn det ville vært med vegloven.

Diverse merknader i høringsrunden førte til endringer i planen slik at denne måtte ut på ny høringsrunde. Denne gangen tok det 4 1/2 måned fra kom-

munen fikk vårt nye forslag til det ble gjort vedtak om å legge planen ut til offentlig ettersyn. Fra det første planforslaget var klart gikk det dermed 22 måneder før planen ble godkjent og fra det siste planforslaget var klart ca. 11 måneder.

Hvorfor så tidkrevende?

Hensikten med at vi nå skal behandle "vegplaner" etter PBL er at de kommunale myndigheter skal få større innflytelse og at vegplanleggingen i større grad skal vurderes i sammenheng med regulering av områdene utenom vegen. Om dette har hatt noen praktisk betydning for Håhjem-Valleplanen skal være usagt, men det er helt klart at en saksbehandling etter PBL vil være vesentlig mer tidkrevende enn etter vegloven. Dette skyldes først og fremst at det kan ta svært lang tid for teknisk



etat å få lagt våre planer fram for bygningsrådet for nødvendige vedtak. For saksbehandlingstida for denne planen i Skodje kommune er dessverre ikke noe spesielt dårlig eksempel, snarere tvert imot. Vi har eksempel på planforslag som er sendt andre kommuner for over 2 år siden uten at de er blitt framlagt og hastesaker som, på ubestemt tid, har havnet nederst på prioriteringslista over saker som skal opp i bygningsrådet. Det hender også ofte at det går mange uker fra "våre" saker har vært oppe i bygningsrådet til vi blir orientert om vedtaket.

Hva gjør vi nå?

Planavdelinga skal sørge for at vi har godkjente reguleringsplaner før prosjektet blir ført opp i Vegvesenets budsjettforslag, dvs. ca. 1 1/2 år før anleggsstart. Med utgangspunkt i planeksemplet foran betyr det at nødvendig stikningsarbeid og det første planforslaget må være ferdig ca. 4 år før anleggsstart! Det sier seg da sjøl at dersom ikke budsjettforslagene følger prioriteringsrekkefølgen i Norsk vegplan, blir

det svært vanskelig å få ferdig riktig plan til riktig tid.

For å redusere saksbehandlingstida bør vi være så restriktive som mulig når det gjelder å ta med arealer utenfor vegområdet i "våre" reguleringsplaner. Da unngår vi behov for tidkrevende kommunalt engasjement og ekstra høringsrunder som skyldes reguleringsproblemer som ikke har noe med vegplanene å gjøre. Dersom det fortsetter å ta mange måneder å få nødvendige kommunale vedtak, bør vi i størst mulig grad gå over til å benytte "nødparagrafen" § 9-4, i plan- og bygningsloven. Den innebærer at planprosessen blir omtrent som tidligere etter vegloven bortsett fra at endelig plangodkjenning også i dette tilfellet skjer i kommunestyret. De ser ut til å ha fått rett i sine bange anelser de som sørget for at det i denne paragrafen også kom med et punkt som fastslår at "Fylkeskommunen og kommunen plikter å gi planforslag fra Statens vegvesen en så rask behandling som mulig."

Terje Lindstad

OMPROFILERINGA ER I GANG




Så har de første bilene våre fått ny profil. De to første kjøretøyene som ble utstyrt med ny kråke og dekorbånd var den nye målebilen, for øvrig en amerikansk "doring" av merket Cheverolet Van, og den ene av budbilene ved maskinavdelinga. På bildet lakerer Aksel Mork (t.v.) og Ingvar Rødal.

NO ER DET SLUTT ..

Nesten fire år med intensivt arbeid i og utanfor dei raudmalte brakkene på Høgset er slutt. KRIFAST-organisasjonen som braut så mange barrierer, er historie. Det som står att - eit banebrytande vegprosjekt - fastlandssambandet til Kristiansund og Frei.

Oppbruddsstemninga rådde grunnen då VEG OG VIRKE var på vitjing ein kald og vindfull desemberdag. På det meste arbeidde rundt 400 mann på anlegget. Av desse 400 utgjorde om lag 25 Vegvesenet sin byggleiarstab. Då vi stakk innom, traff vi sju av dei.

Helge Lilleeidet var travelt opptatt med å rydde sitt og andre sine kontor, medan Sigmund Lønset og Leif Husby fortsatt var opptatt med arbeid. Prosjektleiar Andor Wicken



Sigmund Lønset er framleis brumann, og vil framover mellom anna ha tilsyn med bruene i KRIFAST-sambandet.

kneip vi i døra i det han var på farta til nye møte i Molde.

- Kva har du å seie om KRIFAST-perioden?
- Utan tvil ei særst interessant, lærerik og krevjande tid! I dag når målstyring er moteordet, er KRIFAST med eit klårt avgrensa kostnadsramme og byggetid eit godt døme på korleis dei som får vere med, blir inspirert av dei klare krav og rammevilkår i ei slik prosjektretta oppgåve. sjølv om KRIFAST er eit omfattande prosjekt, er det i prinsippet ikkje mykje annaleis enn andre oppgåver i Vegvesenet. Mi

røynsle er at prosjektopplegget bør nyttast meir, og vanleg "lineorganisering" mindre.

- Og no er du maskinsjef?
- Ja, det ligg like mange utfordringar i den oppgåva som eg no har. Maskindrifta er som anna verksemd, offent-

leg eller privat, vi skal drive lønnsamt og regningsmessig for-svarleg. Sjølv om vi ikkje har like mange maskiner i dag som for berre nokre år sidan, ligg det mange utfordringar i å følgje opp det andre foran meg har gjort, seier Andor Wicken før han haster vidare.

- Men, Helge Lilleeidet, kva har KRIFAST hatt og seie for deg?
- Mykje!

- Det var ei eineståande tid. Arbeidsmiljøet var heile tida godt, og sosialt fungerte organisasjonen godt. Ikkje minst blei det knytte mange nye ven-


skapsband. No var ikkje alt berre rosenrødt, men la oss glemme "kollisjonane" og heller ta med oss dei positive opplevingane vidare, seier kontormannen som i dag arbeider saman med Knut Stokkeland og tar hand om vernearbeidet innafør etaten i fylket.

Avdelingsingeniørane Leif Husby, som var ansvarleg for vegane, og Sigmund Lønset som hadde ansvaret for flytebrua, blir meir enn gjerne med på ein biltur. Det er ikkje siste turen dei to gjer på anlegget. Sjølv om Leif Husby er attende på anleggsavdelinga som stabsmann, er han førebudd

på å ta ei sluttøkt på KRIFAST med mellom anna puss til sommaren. Sigmund Lønset er brumann framleis. No har han ansvar for vedlikehald av bruer. KRIFAST-bruene.

Terje Fugelsnes og Odd Arild Lindseth, fant vi i fullt arbeid ved bomstasjonen på Høgset.

- Vi har enno nok å gjere. Noko oppmålingsarbeid står att, men det blir til at vi og skil lag no. Eg skal attende til grunnseksjonen på vegkontoret, medan Odd Arild reisar til NTH i



Leif Husby i den store skjeringa på Aspøya, like etter flytebrua.

Trondheim for å vere student det næraste halve året, fortalte Terje Fugelsnes oss.

Landemerke i vegkrysset på Høgset, dei raudmalte brakkene, er borte. "Palasset", som det vart kalla for moro, kjøpte fire skyttarlag i Romsdal og på Nordmøre. Utstyret ein ikkje kunne nytte vidare ved andre anlegg,

vart solgt på fleire offentlege auksjonar og billegssalg. Det var ikkje særleg vanskelig å bli av med maskinar, bilar, båtar, kontormøblar og anna utstyr.

Kva som er att?

Ta turen og opplev KRIFAST, så får du sjå!



Terje Fugelsnes og Odd Arild Lindseth var i fullt arbeid ved bomstasjonen på Bergsøya.



No er det slutt. Andor Wicken, Sigmund Lønset, Helge Lilleeidet og Leif Husby var dei siste frå KRIFAST-organisasjonen vi fann på Høgset.

KRIFAST-REKORDENE SLÅTT

Tre KRIFAST-rekorder er historie. Med et hovedspenn på 850 meter er Askøybrua nå Norges lengste hengebru. Til sammenligning har Gjemnessundbrua et hovedspenn på 250 meter.

Tunnelen i Rennfastforbindelsen er på 5800 meter, mot Freifjordtunnelens 5086 meter. Flytebrua over Bergsøysundet mister sin lengderekord til Salhusbrua. Den 1,6 kilometer lange brua i Hordaland gir fast forbindelse mellom Klauvneset i Bergen og Flatøy i Meland kommune.

HØGSET FERJEKAI BLE SMÅBÅTHAVN

Den gamle ferjekaien på Høgset vil fortsatt gjøre sin nytte. Ikke som anløpssted for MRF sine sorte og hvite ferjer, nei kaien skal bli småbåthavn. Det er alt dannet styre for småbåthavna, og Gjemnes kommune vil gjøre sitt til at forholdene for småbåtfolket blir tilfredsstillende.



Store utfordringer venter biltilsynet



Det myldret av biltilsynfolk på kontrollstedet, men sjåførene tok oppbudet av "lovfolk" med godt humør.

- Det skulle ikke forundre noen når jeg sier at biltilsynet står foran en større utfordring enn noen gang. Vi har hittil vært i en monopol-situasjon, hvor vi har gjort som vi "villet".

Dette sier biltilsynssjef Arne Johnsen etter Trafikant- og kjøretøyavdelingas omfattende brukskontrollkurs på Åndalsnes i januar. Samlingen var et av flere kurs ansatte i biltilsynet deltar i, for å være best mulig forberedt på de endringer i "hverdagen" som EØS-avtalen fører med seg.

Fartsskriveren, kjøre- og hviletidsbestemmelser, vektbestemmelser, samferdselsloven, regelverket for ADR og sikring av last og reaksjoner på overtredelser og lover og bestemmelser som gjelder i trafikken var tema på kurset.

En større utekontroll ved Horgheim oppe i Romsdalen inngikk også. Og aldri tidligere har vel biltilsynet vært så godt rustet til en trafikkkontroll. Det myldret av "lovfolk" på kontrollstedet. Mer enn et 20 talls uniformerte og blåkledd biltilsynfolk satte et aldri så lite støkk i bilførerne, da de ble vinket inn. Men når den enkelte bilfører fikk forklart årsaken til oppbudet, var det bare smil, noen hyggelig ord og et ønske om "lykke til videre" som møtte folkene våre.

- Nettopp denne utekontrollen var en viktig del av dette

Den tiden vil om ikke lenge være definitivt forbi. Det var en del av forberedelsene til det som venter oss at vi holdt brukskontrollkurs sist vinter.

kurset. Nå har det alltid vært kvalitet over det arbeid som brukskontrollgruppa utfører, og kvalitetsutvikling vil være en forutsetning for å overleve i fremtidens konkurranseklima. Som et ledd i å fremme og videreutvikle denne kvaliteten, tok vi initiativ til og fikk gjennomført dette brukskontrollkurset. Vi skal inn i en konkurransesituasjon med bilverkstedene, en situasjon som for øvrig mange gir uttrykk for at vi vil vinne. Det håper jeg også at vi skal gjøre, men det er for tidlig å vite noe om i dag. Det jeg imidlertid vet, er at om vi skal vinne konkurransen må vi

konkurrere, vi må altså ta utfordringen på alvor, understreker Arne Johnsen.

Ingen i biltilsynet er i tvil om at det både i dag og i fremtiden vil våre behov for kontrollarbeidet som biltilsynet gjør ute på vegen og inne i hallen. En økende bilpark, en stadig eldre bilpark, nye krav til sikkerhet og miljø og at en større del av sjøtransporten flyttes over på vegen, skulle fortelle om nødvendigheten av det kontrollarbeid som gjøres.

- Det er ingen tvil om at biltilsynet ivaretar trafikksikkerhet, slår biltilsynssjefen fast.

VEGDATABANKEN


Som vedlegg til dette nummeret av Veg og Virke følgjer ei brosjyre om Vegdatabanken (VDB). Brosjyra gir ein generell presentasjon av VDB som system, og som eit supplement vil vi seie litt om VDB slik han er organisert lokalt i Møre og Romsdal.

VDB-organisasjonen lokalt består av ein VDB-leiar, Hermund Vebenstad, og ni fagregisteransvarlege som på vegne av sine respektive avdelingar er ansvarlege for det faglege innhaldet i Vegdatabanken.

Dette er:

1. Vegnett *Harry Berg/
Hermund Vebenstad*
2. Skilt *Bjørn Andersen*
3. Årsdøgntrafikk (ÅDT) *Harry Berg*
4. Aksellast (Adm. aksl) *Nils Olav Kringstad*
5. Område *Harry Berg*
6. Sted *Harry Berg*
7. Flyfoto *Harry Berg*
8. Tellepunkt *Harry Berg*
9. Bæreevne, punkt (Nbreg-P) *Ove Strømme*
10. Dekketilstand, spor (Dt-spor) *Roald Småge*
11. Dekketilstand, skade (Dt-skade) *Roald Småge*
12. Dekketilstand, jevnhet (DT-jevn) *Roald Småge*
13. Ulykke *Trude Holter*
14. Bæreevne, strekning (Nbreg -S) *Ove Strømme*
15. Vegdataobservasjoner *Ove Strømme*
16. Oppgravingsprøver *Ove Strømme*
17. Vegdekke *Roald Småge*
18. Avkjørsel *Terje Josefsen*
19. Kurvatur *Hermund Vebenstad*
20. Koordinat *Hermund Vebenstad*
21. Felt *Harry Berg*
22. Fartsgrense *Bjørn Andersen*
23. Tverr *Svein Solbjørg*
24. Vegkryss *Hermund Vebenstad*
25. Vegbredde *Hermund Vebenstad*
26. PMS *Roald Småge*
27. Underganger/
Tunneler *Odd Arne Rød*

VDB-leiar er organisasjonsmessig plassert på planavdelinga, direkte under plansjef. VDB er imidlertid ein avdelingsuavhengig servicefunksjon med oppgave å tilby påliteleg informasjon om veg, trafikk og miljøtilhøve til bruk for styring, produksjon og forvaltning for heile vegvesenet. VDB-leiarfunksjo-



nen skal dermed fungere likt overfor alle avdelingar og ikkje oppfattast som tilhøyrande noko spesiell avdeling. VDB-leiar vil i større eller mindre grad ha dei same oppgaver overfor alle avdelingar og skal fungere uavhengig av avdelingsgrenser.

Vegdatabanken sin hovuddatabase ligg på ei ND-maskin i Vegdirektoratet som har namnet Hårek, og som kan nåast

av alle som har kontakt med terminal- eller pc-nettverket til Vegvesenet, på samme måten som maskinene på vegkontoret (F-15, F-152, osv).

Hermund Vebenstad

VI GRATULERER!



50 år:

Per Fiva, Åndalsnes	18. april
Knut Kolstad, Molde	20. april
Anne M. Garberg, Kristiansund	10. mai
Egil Småge, Molde	13. mai

60 år:

Karl Overå, Sykkylven	10. april
Sverre Lindset, Vikebuk	11. april
Olaus Winther, Eidsvåg	25. april
Jens Monsholm, Volda	6. mai
Øivind Håhjem, Skodje	11. mai



"Filmstjerna"
Oddvin Haukeberg
på jobb.

Oddvin Haukeberg, en av mange vegveteraner:

- KJENNER HVER VEGBIT OG NESTEN HVERT ANSIKT

Oddvin Haukeberg synes ikke selv å være i tvil når han sier at; - Jeg tror det skal godt gjøres å finne andre i Statens vegvesen som er like godt kjent på vegnettet i Møre og Romsdal som jeg er. Det er snart ikke den vegstrekninga jeg ikke har kjørt. Jeg skulle tro at jeg kjenner ansiktet på de fleste 600 tilsatte i Statens vegvesen Møre og Romsdal.

Foran oss i stua hjemme på Skodje, sitter en av de mange veteranene innenfor Statens vegvesen Møre og Romsdal sine rekker. Siden Oddvin, som 14-15 åring tidlig i 1950-årene arbeidet sine første timer for Vegvesenet, har statsetaten i sammenhengende 43 år vært hans arbeidsgiver.

Skodje vegstasjon som base.

Det var bestefar Johannes Haukeberg som var først ute. Jeg er ikke helt sikker på når han hadde sin første arbeidsdag på veggen, men at det var lenge før 1920 er jeg ikke i tvil om. Han døde forresten i 1923, bare 44 år gammel. Faren min, Oskar, tok opp arven og begynte i Vegvesenet samme år som hans far døde. Jeg vet han jobbet på mange anlegg forskjellige steder i Romsdal før han ble tilsatt som vegvokter i 1946. Den gang var lensmannen tilsetningsmyndighet, og det var lensmannen i Veøy som etter ordre fra vegkontoret utstedte fars ansettelsesdokument.

57 år gamle Oddvin Haukeberg, i dag hovedtillitsmann for de fagorganiserte i Norsk Arbeidsmandsforbund i Statens vegvesen Møre og Romsdal, er tredje generasjon vegarbeider. Og yrket går i arv! Sønnen Kjell Haukeberg er 4. mann i far/sønn-rekken som har veggen som sin arbeidsplass. Oppsynsmannen i T-4 har

ment. Vegvokterroden strekte seg fra vegskillet ved Hjelvik til Voll grense i gamle Voll kommune. Månedslønna var 208 kroner, og han var ansatt i syv av årets 12 måneder. I 1971 gikk han av som pensjonist, forteller vegveteranen.

Med bestefar og far som vegens menn, var det bare naturlig at Oddvin fulgte i samme fotspor. Alt som liten gutt var han med når den høyreiste og vel ansette vegvokteren var ute på jobb. Konkurransen om den best vedlikeholdte strekninga vegvokterne mellom var like stor da, som konkurransen mellom de forskjellige vedlikeholdsdistriktene er i dag. Oddvin Haukeberg minnes ennå med glede og stor munterhet de mange søndagsturen guttungen hadde bak på bagasjebrettet på vegvoktersykkelen. Turen gikk gjerne til vegvokternaboen litt lenger sør, til Vikebukta, eller i motsatt retning til vegvokteren på andre sida av kommunegrensa. Formålet med sykkelturene var det samme hver gang; hvem hadde den best vedlikeholdte vegen.

Også Oskar Haukeberg var en ivrig fagforeningsmann. Når tida var kommet for kontingentinnkreving, satt Oddvin igjen bak på bagasjebrettet. Og det var ikke uvanlig at søndagsturen gikk fra Vågstranda til Tresfjorden og hjem igjen.

- Jo da, det var ei rik tid, ingen tvil om det, slår Oddvin fast. Det er vanskelig å si sikkert hvorfor jeg be-

gynte som vegarbeider. En porsjon tradisjon, tilfeldigheter og ikke minst inspirasjon fra bestefar og far vil jeg tro er forklaringen. Men, det at han var en god læremester og at jeg selv også hadde lyst, er andre deler av forklaringen til at Vegvesenet nok vil være min arbeidsgiver i resten av min yrkesaktive periode, legger han ettertenksomt til.


Sine første arbeidstimer i Vegvesenet, både for og uten betaling, utførte Oddvin mange år før han ble tilsatt. De første registrerte arbeidstimene ble gjort i 1951. Det ble 70 timer, det året. Men det skulle gå mange år før ansettelsespapirene var i orden. I åtte år, fram til 1959, var veteranen deltidsansatt vegarbeider.

- Et av mine første, men spennende oppdrag som "ungkalv", var å rydde vegen etter et snøras ved Sauset i Romsdal. Jeg var ikke konfirmert ennå, og så alt for stor av vekst var jeg nå heller ikke. Det var vel derfor jeg ble plassert i toppen av ei bjørk, et stykke unna rasstedet for å rope ut om nye ras skulle komme. Oppryddingsarbeidet foregikk manuelt, med spade, hakke og andre handredskaper.

- Utviklingen gikk videre, og jeg med. I en periode var jeg også bulldoserfører med kr 3,25 i timelønn. Det var god betaling. Så vidt jeg vet, skal jeg ha vært den første sjåfør på hjullaster og første sjåfør på vegmerkemaskin i Statens vegvesen Møre og Romsdal. Det er litt moro å vite at



Mens de voksne ryddet vegen etter snøraset ved Sauset i Romsdal, ble unge Oddvin Haukeberg plassert i tretoppen som utkikkspost.



Idealisme, godt kameratskap, påvirkning og interesse for jobben er nok forklaringen på at jeg trolig blir i etaten til pensjonisttilværelsen innhenter meg.

jeg også en av de første "filmspillere" ansatt i Statens vegvesen her i fylket. Jeg var en av de mange kjøtere da filmen "Mc mot snø" ble laget. - Hjullasteren, forteller Oddvin videre, var en Michigan utrustet med et varmekjøleapparat. Det ble mange varme timer i førerhytta. Jeg synes ennå å kunne føle den intense, bitende kjøl fra vinterdagen jeg skulle flytte hjullasteren fra Vallidal til Sunnalsøra. Det var mange ganger jeg måtte ut for å springe i regn og varme før turen kunne gå videre, husker jeg ikke. Men, mange løpeturer ble det - fort jeg ikke. Det ble montert et varmekjøleapparat i førerhuset, like til av merket Bosch, var gleden stor skal jeg fortelle deg. I 1959 ble Oddvin Haukeberg fast tilsatt som anleggsarbeider, men før ansettelsen hadde han også rukket å være innom vedlikeholdet som vikar ved grustaket i Skorgedalen. Det ble mye flakking til de forskjellige anleggene omkring i fylket. Men fortsatt ble han brukt både som bulldoserfører, som sjåfør på hjullasteren og lastebilsjåfør. I denne perioden jobbet han mellom annet på Tøsseanlegget på gamle Europaveg 69, fylkesveganlegg på Ellingsøya, i Valldal, på flere anlegg på Sunndalsøra og i Romsdal.

- Som gammel vegmann har vel også du flere historier å fortelle?

- Noen episoder har det da blitt. Arbeidsdagen var lang. 45 timer arbeidsuke

var det den gang. Av og til kunne det nok bli så som så med matstellet på brakka. Så når vi fikk tilbud om godt stell, var vi ikke sene om å akseptere det. Litt sær i matveien var jeg den gang, og det var ikke alt jeg synes var like godt. En gang ble vi innlosjert på et gardsbruk i Osen på Kleive. Jeg husker dette spesielt fordi vi en dag ble servert kjøttsuppe med fleskebiten i. Flesk var noe jeg ikke var særlig glad i. Gode råd var dyre, og det var bare å gjøre gode miner til slett spill. Fleskebitene tømte jeg ned i støvelen, men uten at matmor oppdaget det, tror jeg. Da jeg kom utafør huset etter middagen, var det å gjemme seg bort for å tømme støvelen.

- Jeg følte meg som Askeladden da han kappat med trollet.

- Kampen om oppdragene var like store for 30 år siden som i dag. Jeg husker et større oljegrusoppdrag ved Stuguflåten i Romsdalen, og videre opp til Lesja og Dombås. Min oppgave var å mate knuseren. Lastebilene kappkjørte fram og tilbake, og spesielt var det en sjåfør som hadde det travelt og stresset følt. Det gjaldt å være først for å få flest mulig lass i løpet av dagen. En gang kom denne

sjåføren tilbake med fullt lass. I travelheten hadde han glemt å tømme lastebilen. Så galt var det at lastebilene kappkjørte side ved side opp til Bjorli. Til slutt måtte oppsynsmann Karl Vulvik nummerere bilene og legge opp ei kørdning for å hindre uhell.

Etter en kortere sykdomsperiode, tidlig på 60-tallet, tok Oddvin Haukeberg med familien og flyttet til Skodje. Her ble familien innlosjert på toppen av vegstasjonen i Dragsundet. Noen år senere ble det permisjon og skolegang ved bilmekanikerlinja ved Herøy Yrkeskole. I 1971 fortsatte han utdanninga og tok fagbrev som bilmekaniker. Fram til 1981 var han tilsatt som mekaniker, lagermann og sjåfør ved Skodje vegstasjon. Samme år, etter å ha vært tillitsmann ved stasjonen siden 1964, ble han valgt som hovedtillitsmann i forbundets avdeling innenfor Statens vegvesen i fylket.

- Det er så rart med det, en går gjerne i sin fars fotspor. Min far var også en ivrig foreningsmann. Det som har drevet meg,



Far og sønn, 3. og 4. generasjon vegarbeidere.

Var det riktig, undrer Oddvin Haukeberg i det vi forlater eneboligen på Skodje.

Far og sønn, 3. og 4. generasjon vegarbeidere.

Skorge - Lianeset påriksveg 1:

FØRST UTE MED GAMALT DEKKE

- Vi reknar ikkje med å møte store tekniske problem. Dei vanskane vi ser framfor oss, vil i korte periodar kunne vere å avvikle trafikken på ein tilfredsstillande måte. Vi er eit ordinært veganlegg, men likevel representerer vi noko nytt. Vi er det første veganlegget i Møre og Romsdal som har ein godkjent kvalitetssikringsplan. Det er og første gong vi bruker opp att gammalt vegdekke på ny veg, fortel oppsynsmann Arnold Hustad.

Arbeidet på den knapt 2 km lange parsellen, Skorge - Lianeset like etter at du køyrer ut frå Ørsta i retning Festøy, starta opp tidleg i januar. Anleggs-kostnadene er rekna til om lag 18 millionar kroner, og arbeidet skal vere avslutta og nyvegen køyreklar seinsommaren neste år. Den ordinære bevilgninga i 1993 er på rundt rekna 15 millionar kroner. Midlane til gang- og sykkelveg og andre miljøltiltak vert henta frå ein særskilt miljøpost.

Denne strekninga på riksveg 1, er ein av dei meir trafikkbela- lasta i fylket. Årsdøgntrafikken ligg på rundt 3000. Ein stor del av trafikken er tungtrafikken til og frå fylket vårt. Anleggsleiinga vil i den grad det let seg gjere halde veggen open og unngå vegstenging. Ei vegstenging vil i så fall vere inn- anfor akseptable rammer.

Arnold Hustad fortel at den nye traseen stort sett vil følge eksisterande riksveg og at parsellen vil få stamvegstand- dard. Det blir bygd 1810 me- ter gang- og sykkelveg på strekninga, og deler av den gamle riksvegen blir nytta til dette føremålet.

- Det første avsnittet er på 670 meter. Her skal veggen og gang- og sykkelvegen vere ferdig til ferien. Vi reknar med at avsnitt to, om lag 600 me- ter, skal vere klar til hausten. Vi reknar også med dekke bå- de på riksvegen og gang- og sykkelvegen på avsnitt to.

Seinhaustes vil gang- og syk- kelvegen på avsnitt tre få de- ke, noko riksvegen ikkje får. Dekket på riksvegstrekinga vil kome rundt juli/august nes- te år.

Eg vil leggje til at vi nok må ta atterhald om korleis vinteren blir. Du veit, driftsstans kan føre til at tidplanen vert endra. To boliger er innløynt og 18 grunneigarar er bedt om å av- stå grunn til veggen. Forhand- lingane om grunnavståing har gått greit.

